

## PROTOKOLL

### MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Fredag 27. januar kl 0900 - 1200

Møterom Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kvassnesvegen 23

Til stades:

Ordførarane Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Nils Marton Aadland, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Knut Moe (til ca kl 11), Per Lerøy, May Eva Sandvik (vara).

Rådmenn/observatørar:

Øivind Olsnes, Øistein Søyvik, Jan Olav Osen, Martin Kulild, Odd Ivar Øvregård, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Svein Helge Hofslundengen (frå ca kl 10)

Frå administrasjonen i NUI møtte Elin F. Styve

Meld forfall:

Kristin Handeland og Astrid Aarhus Byrknes.

#### **Sak 07/12**

##### **Mobilt røntgentilbod i Nordhordland**

Saka gjekk ut i dette møtet, då det i første omgang vert gitt ein presentasjon til helseutvalet om dette.

#### **Sak 08/12**

##### **Arbeidsform og mandat for Regionrådet, ordførarane som samla politisk leiing i Nordhordland. Arbeidsfordeling mellom rådet og styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS.**

Saka vart drøfta, og spørsmål om geografisk fordeling av verv i utval mm vart diskutert. Det er grunnlag for å diskutera dette vidare, men med ei klar haldning om at alle som sit i rådet skal ivareta sine verv ut frå regionale målsetnader og ikkje med søkjelys på eigen kommune si rolle. Derfor skal det såleis ha mindre å bety kva slags geografisk representasjon det er i utvala.

## **Sak 09/12**

### **Oppnemningar**

Styringsgruppe for regional planstrategi for Hordaland 2012-2016: Jon Askeland

Styringsgruppe for kompetanseprosjektet: Per Lerøy, vara er Karstein Totland

Styret for Stiftinga Lyngheisenteret: Knut Moe + nestleiar i kulturutvalet

Politisk styringsgruppe for Regionpakke Bergen Nils Marton Aadland, vara er Per Lerøy

## **Sak 10/12**

### **Særutval/underutval. Konkludering - struktur og medlemer, sjå sak 5/12**

#### Nærings- og samferdselsutvalet

Dei faste medlemene skal vera ordførarar, og representantar vart vald i førre møte. Det er ønskeleg at utvalet vert komplettert med kompetanse i etter behov, der ein trekkjer inn relevante samarbeidspartnarar for drøfting/rådgeving.

#### Fondsstyret:

Arbeidstakarsida: LO vert spurt om re-oppnemning

Arbeidsgjevarsida: NHIL vert spurt om re-oppnemning. Ordførarane som er representerte i fondet finn det naturleg å invitera styreleiar i NHIL som medlem, med vara frå styret.

Det skal vurderast å gje Osterøy næringsråd observatørstatus i møta.

#### Kulturutvalet:

Knut Moe er leiar.

Medlemer er Hallvard Oppedal, Karstein Totland og Kristin Handeland.

Det er ønskeleg at utvalet vert komplettert med kompetanse i etter behov, der ein trekkjer inn relevante samarbeidspartnarar for drøfting/rådgeving. Utvalet skal ha som mål å bidra til samfunnsbygging, og fokusera på å skapa i tillegg til den tradisjonelle bevaringa som museumsutvalet hadde hand om. Utvalet skal også særskilt vera knytt til strategisk profilering av regionen.

#### Helseutvalet:

Samansettinga som er no er god og rasjonell, men me tek høgde for at medlemer kan skiftast ut i perioden.

## **Sak 11/12**

### **Arealplan Bergensregionen og oppfølging av Kva No-møtet. Drøfting.**

Me bør drøfta meir inngåande om me skal førebu oss på ein regional planstrategi, knytt opp til blant anna fylkeskommunen sin.

Me inviterer Asbjørn Algerøy til møtet 6. mars

## Sak 12/12

### Endring av aksjonæravtale og styresamansetting i BRB (sjå vedlegg)

Regionrådet godtek endringa i aksjonæravtalen.

## Sak 13/12

### Meldingar og eventuelt, blant anna

- a) Orientering om Nordhordlandstinget/workshop med Ole Berrefjord 27. mars og Arena Nordhordland 30. mai
- b) Tilsettingsprosess ny dagleg leiar i NUI, orientering frå styreleiar Øistein Søyvik
- c) Drøfting om kommunerevisjon, kjem tilbake til saka
- d) Kommunestrukturprosjektet. Regionrådet bed NUI om å få utarbeida ein søknad til Fylkesmannen
- e) Legevaktsamarbeid. Gulen søker seg nordover i denne omgang. Spørsmål om dette hindrar for medlemskap.  
Øistein Søyvik:  
Ein ser på heilskapen i prosessen med samhandlingsreforma og omorganisering av legevakten. Det må vera semje i alle kommunane. Det er eit sterkt ønske frå ordførargruppa om å få Gulen med, og ein god vilje til å finna løysing til beste for alle. Føresetnaden er at det må bli ein auke i fastlegeheimlar.
- f) Karstein informerer om bru i Masfjorden. Regionrådet er samstemte i at ei utbygging vil ha stor positiv betydning for regionen.
- g) Regionrådet har eit felles ønske om at næring- og samferdselsutvalet lagar ein uttale der ein på vegne av trafikantane frå Nordhordland bed om fortgang i prosessen med å finna løysingar for køane/flaskehalsane Mellom Bergen og Nordhordland.

Knarvik 3. februar 2012

Jon Askeland

Leiar i Regionrådet Nordhordland

Elin F. Styve (ref)

Dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS